

Tilknytingsvilkår for næringskunder m.m.

§ 1 GENERELT OM TILKNYTINGSVILKÅR

Desse tilknytingsvilkåra gjeld, dersom ikkje anna er avtalt, for eigar av elektriske anlegg som er næringsdrivande, offentleg organ, organisasjonar og alle andre einingar som ikkje er regulerte av LOV 2002-06-21 nr 34 Lov om forbrukarkjøp.

Tilknytingsvilkåra regulerer forholdet mellom nettselskapet og eigaren av det elektriske anlegget som skal tilknytast, eller er tilknytt, distribusjonsnett eller regionalnett. Bruken av distribusjonsnett eller regionalnett til uttak av kraft er regulert av nettleigeavtalen mellom nettselskapet og brukaren av det elektriske anlegget (d.v.s. nettkunden).

Tilknytning av eit elektrisk anlegg til nettet vil i nokre tilfelle omfatte fleire partar enn anleggseigaren. Dette kan vere grunneigarar eller andre rettshavarar. Forholdet mellom nettselskapet og desse partane er også omtala i tilknytingsvilkåra. Når forhold som vedkjem andre enn nettselskapet og anleggseigaren, er tekne med i tilknytingsvilkåra, er det fordi dei reguleringane som vedkjem desse partane følgjer av annan lovgjeving, eller av rettspraksis. Sjølv om heimelen for desse reguleringane må søkjast utanfor tilknytingsvilkåra, er reguleringane av praktiske årsaker kortfatta gjengjevne i tilknytingsvilkåra slik at ein skal få ei tilnærma fullstendig samstilling av dei rettsreglane som gjeld når ein så samansett og mangesidig operasjon som tilknytning av eit elektrisk anlegg til distribusjonsnett skal skje.

Ansvarsforholdet mellom nettselskapet og nettkundane er regulert i nettleigeavtalen. Dei same reguleringane gjeld så langt dei passer også for forhold som er regulert i tilknytingsvilkåra. Nokre hovudprinsipp er gjevne i § 8. For å få ei breiare forståing av ansvarsforholdet, vert det vist til nettleigeavtalen.

§ 2 TINGING OG GODKJENNING AV TILKNYTING

§ 2 – 1 Avtaleforholdet og tilknytingsavtale

Avtaleforholdet består av desse tilknytingsvilkåra og dei føresetnadene som er lagt til grunn for tilknytninga. Dersom føresetnadene for tilknytning av eit anlegg blir vesentleg endra, kan nettselskapet krevje å få dekt kostnader knytt til drift og vedlikehald og som ikkje vert dekt av nettleiga.

§ 2 – 2 Tinging av tilknytning og tilknytning til nettet

Tinging av tilknytning og tilknytning til distribusjonsnett eller regionalnett skal skje i samsvar med nettselskapet sine reglar og rutinar for dette.

§ 2 – 3 **Stadfesting av tinging**

Nettselskapet melder skriftleg tilbake til anleggseigar, eller representanten hans, om tinginga er godkjend med dei innmelde data, eller om det krev ytterlegare informasjon. Eventuell nekting av godkjenning skal vere sakleg og grunnjevast skriftleg.

Saman med nettselskapet si tilbakemelding til anleggseigar, skal det vedleggast eit eksemplar av desse tilknytingsvilkåra.

§ 2 – 4 **Tilknytingsføresetnader**

Eit elektrisk anlegg blir knytt til nettselskapet sitt distribusjonsnett eller regionalnett i samsvar med dei føresetnadene som er gjevne i nettselskapet si skriftlege tilbakemelding til anleggseigaren, jf. § 2-3, og med dei rettar og plikter som følgjer av desse tilknytingsvilkår, og dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

For dimensjonering av tilknytninga legg ein til grunn eit energi- og effektbudsjett det er semje om.

Føresetnadene for tilknytninga skal dokumenterast i eit eige vedlegg til desse vilkåra. Eventuelle rettar nettselskapet har tileigna seg over anleggseigaren sin faste eigedom, kan tinglysast for nettselskapet sin kostnad. Vedlegget kan innehalde følgjande informasjon:

- utforming av tilknytingspunktet
- ansvar for drift og vedlikehald av stikkledning
- energi og effektbudsjett
- anlegget sitt bruksføremål
- plassering av målepunkt/overbelastningsvern

§ 2 - 5 **Tilknytingsvilkåra gjeld for alle framtidige eigarar av det elektriske anlegget**

Dersom eit elektrisk anlegg skiftar eigar, trer den nye eigaren inn i dei same rettane og pliktene som forgjengaren sin, også dei rettane og pliktene som følgjer av desse tilknytingsvilkåra.

§ 2 – 6 **Drift og vedlikehald av elektriske anlegg**

Anleggseigar er ansvarleg for å bygge, drive og vedlikehalde det elektriske anlegg sitt i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande forskriftene. Oppstår det feil på anlegg, skal anleggseigar straks kontakte autorisert elentreprenør/nettselskap som utfører nødvendig utbetring/feilretting. Dersom anleggseigar har tilsette med nødvendig godkjenning, kan desse utføre nødvendig utbetring/feilretting.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB)/Det lokale eltilsyn (DLE) har i samsvar med gjeldande lover og forskrifter til ei kvar tid rett til uhindra og kostnadsfri tilgang til alle anlegga tii ein anleggseigar.

§ 2 – 7 **Tolking av tilknytingsavtalen**

Ved tvil om forståing av omgrep og uttrykk som er brukte i desse vilkåra, skal definisjonane i vedlagde definisjonsliste leggjast til grunn. Dette med mindre noko anna er sagt i eller går fram av samanhengen i desse vilkåra.

§ 2 – 8 **Personopplysningar og opplysningar om forretningsforhold**

Nettselskapet skal ikkje utlevere personopplysningar som vedkjem anleggseigar eller tilsette i anleggseigar si verksemd til utanforståande, unnateke når utlevering av opplysningar skjer

- a) med samtykke frå den opplysninga gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gitt med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkrevjing m.m. der det ligg føre sakleg grunn

Nettselskapet og anleggseigar og deira tilsette og andre hjelparar, har på same vis teieplikt overfor uvedkomande om det dei får vite om kvarandre sine drifts- og forretningsforhold m.m.

§ 3 **FRAMFØRING OG PLASSERING AV NETT**

Det vert viset til § 1. I den grad reguleringar i dette kapitlet tek opp forholdet til tredjemann (grunneigar, festar, eller annan rettshavar) er reguleringane tekne med for å gi ei tilnærma fullstendig, men likevel kortfatta oversikt over det som blir resultatet når ein gjer bruk av gjeldande rett.. Dei rettslege heimlane for desse reguleringane som vedkjem tredjemann, går fram av lover og rettspraksis.

§ 3 – 1 **Tileigning av rettar til grunn for leidningsframføring**

Nettselskapet tileignar seg rettar til framføring av, og tilgang til, lavspennings distribusjonsnett. Det vert ikkje betalt vederlag for slike rettar, unnateke eventuelt for rett til plassering av nettstasjon.

Nettselskapet tileignar seg rettar til framføring av, og tilgang til, høgspenningsnett over tredjemann sin grunn ved avtale eller oreigning og skjøn.

Rettar til framføring av, og tilgang til, leidningsnett for tilknytning av anleggseigar sitt eige anlegg over anleggseigar sin eigen grunn, vert rekna som gjevne når anleggseigar tingar tilknyttinga.

§ 3 – 2 **Særskilt om tilgang til leidningsnett for vedlikehald, fjerning av vegetasjon m.m.**

Nettselskapet har rett til å halde ved like leidningsnett og stikkleidningar. Dette gjeld også fjerning av all vegetasjon som kjem opp innanfor sikringsavstand som er fastsett i forskrift for dei ulike leidningstypar og spenningsnivå.. Det same gjeld andre som har rett til å nytte leidningstraseen. Vedlikehald og fjerning av vegetasjon skal skje til minst mogleg ulempe for grunneigar/festar, og nettselskapet pliktar å rydde og utbetre eventuelle terrengskadar etter slikt arbeid.

§ 3 – 3 Hovudprinsipp ved fastlegging av nettrasé og plassering av nødvendig utstyr

Ved framføring av distribusjonsnett har grunneigar/festar rett til å uttale seg om nettrasé og plassering av nødvendig utstyr. Når det er teke omsyn til nettet sin funksjon og økonomi, skal nettselskapet i tillegg sjå til at plassering og utforming av nettet medfører minst mogleg ulempe for grunneigar/festar. Dersom nettselskapet brukar nett/trasé til anna enn energioverføring, skal dette skje utan unødvendig ulempe for grunneigar/festar og anleggseigar.

§ 3 – 4 Framføring av distribusjonsnett/stikkledning til anleggseigar sin eigen bruk

Nettselskapet avgjer korleis distribusjonsnett/stikkledning skal førast fram, også plassering, og kva art og dimensjon nettet/leidinga skal ha.

Grunneigar/festar skal utan vederlag eller erstatning gi tilgang til framføring av nødvendig distribusjonsnett og/eller stikkledning for tilknytning av eige elektrisk anlegg, jf § 3-1, tredje ledd. Når omsyn til nettet sin funksjon og økonomi er teke, skal framføringa skje med minst mogleg ulempe for grunneigar/festar. Nettselskapet påviser, så langt det er råd, leidningstrasé, plassering av stolpar og anna utstyr for grunneigar/festar. Grunneigaren har ikkje krav på erstatning for skadar og ulemper som stikkleidinga seinare kan medføre, unnateke når nettselskapet har vist aktløyse.

Nettselskapet har utan vederlag rett til å nytte eit distribusjonsnett som er oppført for å tilknytte ein anleggseigar sitt anlegg, til å knyte andre anleggseigarar til nettet, dersom dette er føremålstenleg ut frå nettet sin funksjon og økonomi.

§ 3 – 5 Framføring av distribusjonsnett /stikkledning til andre

Nettselskapet tileignar seg rett ved avtale med aktuelle grunneigarar, eller ved oreigning, til å føre fram luftledning eller jordkabel som distribusjonsnett eller stikkledning til eit elektrisk anlegg. Framføringa skjer som regel utan vederlag til grunneigar/festar, men desse har rett til å uttale seg om leidningstrasé og plassering av stolpar og anna utstyr. Stikkledning og distribusjonsnett og arbeidet med dette skal, etter at det er teke omsyn til nettet sin funksjon og økonomi, medføre minst mogleg ulempe for grunneigar eller festar.

§ 3 – 6 Plassering av nettstasjonar

Ved tilknytning av større anlegg har nettselskapet rett til å krevje avstått rom i bygning eller tomt til nettstasjon(ar). Plass som vert stilt til rådvelde, skal på førehand vere godkjend av nettselskapet.

Dersom nettstasjonen berre forsyner anleggseigaren sitt anlegg, vert det til vanleg ikkje betalt vederlag for avstått rom eller tomt til nettstasjon til anleggseigaren.

Nettselskapet kan føre leidingar ut frå nettstasjonar for å knyte til andre elektriske anlegg. Dette skal, etter at det er teke omsyn til nettet sin funksjon og økonomi, skje med minst mogleg ulempe for grunneigar/festar. Eventuelt vederlag for plassering av nettstasjon som skal forsyne fleire

anleggseigarar/anlegg, vert fastsett som ein eingongssum. Storleiken på vederlaget vert avtalt mellom partane eller vert fastsett ved rettsleg skjøn.

§ 3 – 7 Tilgang til distribusjonsnett og anlegg

Anleggseigar skal gi nettselskapet, og andre som nyttar leidningsnettet, uhindra tilgang til eigedommen for vedlikehald og drift av nettet og tilknytingspunktet. Nettselskapet skal til ei kvar tid ha uhindra og kostnadsfri tilgang til nettstasjonar, også når desse er plassert i anleggseigar sitt bygg.

§ 3 – 8 Bruk av arbeidsmaskiner nær leidningsnett

Bruk av arbeidsreidskap nær, ved og under leidningsanlegg skal berre skje etter tilvising frå nettselskapet slik at ulukker og skadar på personar, leidningsanlegg og anna materiell kan unngås. Ved bruk av anleggsredskaper nærmare høgspenningsanlegg enn 30 m, skal nettselskapet kontaktast så tidlig som mulig før arbeidet starter. Nettselskapet vil gi sikkerhetsrettleiding og påvise minste sikre avstand til leidningsanlegg under arbeidet. Dersom sikringsarbeidet medfører urimelige merkostnader for nettselskapet kan nettselskapet krevje desse dekket av den som forestår arbeidet.

§ 3 – 9 Grunneigar/festar si informasjonsplikt

Grunneigar/festar har plikt til å underrette nettselskapet på førehand når det skal utførast graving, oppfylling eller annan endring av terrenget, sprenging, vegbygging, felling av tre eller andre arbeid som kan skade eller på annan måte ha innverknad på nettselskapet sitt nett. Varsel skal skje så tidleg at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Dersom tiltaka medfører urimelege meirkostnader for nettselskapet, kan nettselskapet krevje desse dekt av den som står for arbeidet.

§ 3 – 10 Skade på nettselskapet sin eigedom

Nettselskapet kan krevje erstatning for utøvd skade på nettselskapet sin eigedom. Mangel på varsling til nettselskapet i tilfelle som nemnt i § 3-8 og § 3-9, eller varsling så seint at nettselskapet ikkje kan overhalde rettleingsplikta, vil normalt verte rekna som aktløyse som medfører erstatningsansvar.

§ 3 – 11 Flytting eller fjerning av leidningar/nett

Dersom det som følge av offentlege påbod, eller etter grunneigar sitt behov er nødvendig, kan det gjerast flytting, forandring eller fjerning av stikkledning eller lavspenningsnett. Tilsvarande kan berre unntaksvis gjerast med høgspenningsnett. Nettselskapet utfører normalt arbeidet med flytting, forandring eller fjerning av stikkledning eller lavspenningsnett for rekvirenten si rekning.

Nettselskapet utfører flytting, forandring eller fjerning av høgspenningsanlegg på privat eigedom for rekvirenten si rekning, dersom det ikkje er gjort annan avtale.

Nettselskapet kan fjerne stikkledinga og den del av nettet som tener til forsyning av eit anlegg som har vore utan nettleigekunde i minst 3 år. Før slik fjerning finn stad, skal nettselskapet skriftleg varsle anleggseigar. Dersom nettselskapet ikkje mottek stadfesting frå eigaren om å halde oppe

tilknytninga innan ein månad, d.v.s. at det vert inngått ny nettleigeavtale for anlegget, kan nettselskapet fjerne dei aktuelle nettdelane. Fjerninga skjer for nettselskapet si rekning.

§ 4 TILKNYTING

§ 4 – 1 Tilknytingspunktet

Tilknytingspunktet markerer overgangen mellom nettselskapet sitt nett og det elektriske anlegget som er tilknytt, og gjev grensa for eigedomsforhold og for ansvar for drift og vedlikehald.

Nettselskapet kan definere tilknytingspunktet som:

- ved veggjennomføring frå transformatorrom/nettstasjon.
- det punkt i distribusjonsnettet der stikkledninga er knytt til nettet, eller
- tilkoplingsklemme på husvegg eller grunnmur for kabel eller luftnett

I det siste tilfelle blir stikkledninga ein del av nettselskapet sitt distribusjonsnett.

Definisjonen av tilknytingspunktet og måten tilknytninga er utført skal vere i samsvar med nettselskapet sin standard for området. Anlegget vert knytt til nettet med avtalt spenningsnivå. Tilknytingspunktet skal visast på skjema ”Melding om installasjonsarbeid” eller anna skjema/melding nettselskapet nyttar for tilknytning.

Dersom stikkledninga er ein del av nettselskapet sitt distribusjonsnett, avgjer nettselskapet korleis stikkledninga framførast, plasserast og kva art og dimensjon ho skal ha. Framføring av stikkledning vert utført i samsvar med reglane i § 3. Til kvart anlegg fører nettselskapet som regel berre fram ei stikkledning. Det kan ikkje seinare krevjast erstatning for ulemper som ei stikkledning kan medføre.

§ 4 – 2 Fysisk tilknytning

Tilknytninga skal skje så snart som praktisk råd etter at anlegget er meldt ferdig, eller etter nærare avtale. Ingen andre enn nettselskapet, eller deira representant, har løyve til å knyte eit anlegg til distribusjonsnettet. Urettmessig tilknytning av eit anlegg medfører erstatningsansvar og kan medføre straffeansvar.

Tilknytning vil normalt ikkje skje før anleggsbidraget er innbetalt, eller etter at anleggseigar etter nærare avtale har stilt sikring for innbetalinga, jf § 5, fjerde ledd.

Mishald av plikta til å betale utrekna anleggsbidrag gjev nettselskapet rett til å stengje eit tilknytt anlegg for uttak av elektrisk kraft inntil gjelda er gjort opp.

§ 4 – 3 Annan utføring av tilknytning

Dersom anleggseigar ønskjer tilknytninga utført på annan måte enn nettselskapet sin standard for området, kan nettselskapet utføre arbeidet etter tinging og krevje eventuelle meirkostnader dekt av anleggseigar. Etter avtale mellom anleggseigar og nettselskapet kan arbeidet i tilknytingspunktet utførast av ein tredje part som er godkjend av nettselskapet.

§ 4 – 4 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning av eit anlegg til nettselskapet sitt nett vert utføres etter anleggseigar si tinging. Tinging skjer på same måten som for permanent tilknytning. Framføring, montering, demontering og eventuelt vedlikehald av mellombelse lav/høgspennings distribusjonsnett skal betalast av tingar før arbeidet vert sett i gang. Ved mellombels tilknytning kan nettselskapet og anleggseigar inngå avtale om at arbeidet i tilknytingspunktet vert utført av ein tredje part som vert godkjend av nettselskapet. Før spenningssetting skal nettselskapet synfare og godkjenne arbeidet.

§ 4 – 5 Tilknytingsgebyr

Nettselskapet kan i samsvar med offentlege forskrifter fastsette at det ved nye tilknytningar eller ved oppdimensjonering av ei eksisterande tilknytning, skal betalast eit tilknytingsgebyr. Gebyret skal vere generelt og leggst på alle nye tilknytningar i nettet. Gebyret kan differensierast etter overbelastningsvern (sikringsstorleik).

§ 4 – 6 Endra systemspenning

Nettselskapet har rett til å endre systemspenninga. I så tilfelle skal nettselskapet koste nødvendig omlegging av anlegget til anleggseigar. Dersom anleggseigaren gjer annan oppgradering av anlegget sitt i samband med arbeidet med omlegging for ny systemspenning, er kostnadene for slik oppgradering nettselskapet uvedkomande.

§ 5 ANLEGGSBIDRAG

Anleggsbidrag vert utrekna i tråd med dei forskriftene som gjeld til ei kvar tid, jf. § 17-5 i FOR 1999-03-11 nr 302, Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering m.v.

Nettselskapa kan fastsetje eit anleggsbidrag for å dekkje anleggskostnadene ved nye nettilknytningar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar.

Anleggsbidrag ved forsterking av ei tilknytning kan påleggast når kunden krev auka kapasitet eller kvalitet som utløyser behov for forsterking. Anleggsbidraget skal utreknast med grunnlag i kostnadene som følgjer av kunden si tilknytning til nettet. Anleggsbidrag skal fastsetjast uavhengig av kunden sitt venta energiuttak og kan maksimalt setjast til anleggskostnad for anlegget minus tilknytingsgebyr. Nettselskapet skal på førehand informere kunden om innkrevjing av, og utrekningsgrunnlaget for, anleggsbidraget.

Anleggsbidraget kan krevjast innbetalt før arbeidet startar. Ved eventuell avtale om betaling på eit seinare tidspunkt, kan det krevjast garanti som sikring for anleggsbidraget.

Permanent nett/stikkledning som er bygd eller forsterka i samband med tilknytning fram til tilknytingspunktet, er normalt nettselskapet sin eigedom og nettselskapet har drifts- og vedlikehaldsplikt. Dette gjeld også dersom nett/stikkledning er heilt eller delvis finansiert ved anleggsbidrag.

§ 6 MÅLEPUNKT FOR FORBRUKSMÅLING

Plassering av målepunkt vert avtalt i samband med tinging av tilknytning. Normalt skal eit anlegg ha eitt (1) målepunkt som skal plasserast så nær tilknytingspunktet som råd. Målepunktet si plassering skal vere godkjend av nettselskapet, og nettselskapet kan krevje at måleutstyret vert plassert utandørs i låst skap og/eller vere avlesbart utanfrå. Nettselskapet skal elles til ei kvar tid ha uhindra og kostnadsfri tilgang til måleutstyret.

Ved tilknytning monterer nettselskapet, eller nettselskapet sin representant, måleutstyr for avrekning av nettleige og kraftkjøp. Nettselskapet fastset storleik og type måleutstyr og eventuelle kontrollapparat, eig desse og utfører nødvendig vedlikehald og byte av målar.

Anleggseigar kan ikkje ta i bruk eit anlegg før måleutstyret er montert, eller det er gjort annan avtale med nettselskapet. Dersom det er utført arbeid i målepunktet av anleggseigar sin representant og arbeidet ikkje er i samsvar med nettselskapet sine krav, kan tilknytning utsettast til forholdet er ordna.

§ 7 FRÅKOPLING OG TILKOPLING AV ANLEGGET

Fråkopling og tilkopling kan berre utførast av nettselskapet, nettselskapet sin representant, eller Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) v/ Det lokale eltilsyn (DLE). Nettselskapet og DSB/DLE er ikkje ansvarleg for skade eller tap ved frå- eller tilkoplingar som er heimla i denne avtalen.

§ 7 – 1 Fråkopling utan nærare varsel

DSB/DLE utfører fråkopling etter vedtak og utan nærare varsel dersom:

- anlegget er farleg
- anlegget treng utbetring straks
- bruk kan medføre skade eller ulemper for nettkunden, nettselskapet eller andre

DSB/DLE kan etter forskrifter fastsett av Produkt og Elektrisitetstilsynet 6. november 1998 med heimel i lov 24. mai 1929 nr. 4 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr § 2, kople ut eit forskriftsstridig anlegg dersom pålegg om utbetring av manglar ved anlegget ikkje er utført til avtalt tid, eller dersom det ikkje vert bruk godkjende apparat.

§ 7 – 2 Fråkopling etter nærare varsel

Nettselskapet kan kople frå anlegg etter nærare varsel dersom fråkoplinga er nødvendig av omsyn til ettersyn, vedlikehald eller utviding av nettselskapet eller andre nettkundar sine anlegg.

Nettselskapet skal, så langt det er råd, varsle nettkunden direkte eller på annan eigna måte om fråkoplinga. I den grad det er råd, skal fråkoplinga leggest til tider som er til minst ulempe for nettkunden.

Varsel om fråkopling medfører ingen plikt for nettselskapet til å kople frå anlegget i heile eller deler av det varsla tidsrommet.

§ 8 ANSVARSFORHOLD

§ 8 – 1 Direkte skadar og tap

Nettselskapet er ansvarleg for direkte skade og tap som skuldast tilknytning av det elektriske anlegget til distribusjonsnettlet eller regionalnettet. Dette gjeld likevel ikkje så langt nettselskapet godtgjer at skaden eller tapet skuldast årsaker utanfor selskapet sin kontroll, og som selskapet ikkje rimelegvis kunne ventast å unngå eller overvinne følgjene av. Det vert elles vist til § 1 og til ansvarsreguleringa i nettleigeavtalen for næringskundar m.m.

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skadar eller tap som kan oppstå ved rettmessig inn - og utkopling.

§ 8 – 2 Indirekte skadar og tap

Nettselskapet er berre ansvarleg for indirekte skadar og tap når skaden eller tapet er valda ved grov aktløyse frå nettselskapet si side. Det vert elles vist til § 1 og til ansvarsreguleringa i nettleigeavtalen for næringskundar m.m.

§ 8 – 3 Anleggseigar sin medverknad

Dersom anleggseigar eller hans representant har medverka til skaden eller tapet ved eiga skuld, kan nettselskapet sitt ansvar setjast ned eller falle bort, jfr. skadeserstatningslova av 13. juni 1969 § 5-1.

§ 8 – 4 Personskade

Ansvar for personskade er ikkje regulert av desse tilknytingsvilkåra. Det vert vist til dei alminnelege erstatningsrettslege reglane.

§ 9 ENDRING AV TILKNYTINGSVILKÅR

§ 9 – 1 Endring av standard tilknytingsvilkår

Kunngjering om endring i desse tilknytingsvilkåra blir gjeven som direkte melding til anleggseigar eller på annan eigna måte. Endring av standard tilknytingsvilkår vil ikkje bli gjort gjeldande før rette organ i nettselskapet har gjort endeleg vedtak, og tidlegast 14 dagar etter at kunngjering er gjort.

§ 9 – 2 Endring av særskilt avtalte tilknytingsvilkår

Eventuelle særskilt avtalte tilknytingsvilkår kan partane endre fritt etter avtale.

§ 10 TVISTAR

Tvistar med grunnlag i tilknytingsvilkåra vert avgjort av dei ordinære domstolane, med mindre partane i den enskilde tvisten er samde om at tvisten skal løysast ved valgift og inngår valgiftsavtale.

Tvister med grunnlag i § 5 om anleggsbidrag vert handsama av Norges vassdrags- og energidirektorat.

Definisjonar for nettleigeavtale og tilknytingsvilkår for næringsdrivande kundar m.m.

Anleggsadresse	Adressa til det staden der anlegg med målepunkt er.
Anleggsbidrag	Utrekna investeringstilskot ved tilknytning av ein ny kunde eller ved forsterking av nettet til ein eksisterande kunde.
Anleggsbrukar	Den juridiske eininga (selskap eller fysisk person) som brukar ein eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt nettselskapet sitt nett.
Anleggseigar	Den juridiske eininga (selskap eller fysisk person) som eig ein eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt nettselskapet sitt nett.
	Anleggseigar og Anleggsbrukar kan vere same juridiske einingt, eller ulike juridiske einingar.
Distribusjonsnett	Overføringsnett med nominell spenning opp til og med 22kV, med mindre anna er fastsett.
Eigedom	Ein kvar eigedom med elektriske installasjonar som er tilknytt eller skal tilknytast nettselskapet sitt nett. Som eigedom reknast også eksempelvis ei bustadblokk eller eit rekkjehus. Den juridiske organiseringa av eigdommen er utan betydning, og ei bustadblokk kan eksempelvis sjåast på som òen eigedom utan omsyn til talet på husvære i denne samanhengen.
Elektrisk anlegg	Generell nemning på alle slags anlegg for produksjon, omforming, overføring, distribusjon og forbruk av elektrisk kraft. Nettkunden sitt elektriske anlegg er den elektriske installasjonen som Anleggseigaren eig og Anleggsbrukaren brukar.
Fordelingsanlegg/-nett	Høgspennings- eller lavspenningsnett som nettselskap bygg i samsvar med offentleg områdekonsesjon.
Fråkopling	Fråkopling omfattar fråkopling av ein installasjon ved hjelp av eit fysisk inngrep, bruk av verktøy og liknande og/eller utkopling av ein installasjon ved hjelp av brytar, sikring eller annan innretning.
Installasjonseigar/brukar	Sjå Anleggseigar og Anleggsbrukar.
Kraftleverandør	Verksemd som omset elektrisk energi til sluttbrukar og som har omsetningskonsesjon. Som sluttbrukar vert rekna kjøpar av elektrisk energi som ikkje sel denne vidare.
Målepunkt	Det punktet i nettet målararen er plassert. Målepunktet er vanlegvis det same punktet som Tilknytingspunktet, dersom ikkje anna er særskilt avtalt. Kvart Målepunkt er gjerne definert ved eit unikt Målepunkt-ID.
Nettenester/ Nettverksemd Nettkunde	Verksemd/tenester som vert ytt av eit nettselskap Juridisk eining som brukar eit elektrisk anlegg som er tilknytt anlegget til eit nettselskap. Nettkundane i denne avtalen er alle andre einingar enn dei som er forbrukarar i samsvar med definisjonen av forbrukar i forbrukarkjøpslova.
Nettleige	Alle prisar og annan økonomisk godtgjersle (tariffar) som nettselskapet fastset for tilknytning til og bruk av elektriske nettanlegg.
Nettleigeavtale	Med nettleigeavtale meiner ein det fullstendige avtaleverket mellom nettkunden og nettselskapet, også m. a. nærverande avtale og gjeldande nettleigetariffar.
Nettselskap	Eining som eig overføringsnett eller har ansvar for nettverksemd. Det krevst offentleg løyve (konsesjon) for å drive nettverksemd.

Regionalnett	Overføringsnett med nominell spenning meir enn 22kV, med mindre anna er bestemt.
Stenging	Eit fysisk tiltak som vert gjort av nettselskapet, og som tek sikte på å hindre uttak av elektrisk kraft før årsaka til stenginga er fjerna.
Stikkledning	Ein leidning, luftleidning eller kabel frå netteigar sitt fordelingsanlegg til anleggseigar/brukar sitt anlegg. Stikkleidningar er ein del av nettet.
Tariffar	Sjå Nettleige
Tilknytingsgebyr	Generelt gebyr ved tilknytning av nytt anlegg.
Tilknytingspunkt	Det punktet som markerer skiljet mellom nettselskapet sitt nett og nettkunden sitt anlegg.
Tilkopling	Tilkopling av ein installasjon er motstykket til fråkopling og omfattar også innkopling som motstykke til utkopling – sjå Fråkopling.